

## Kva som skal til for å få dei ulike karakterane i faget KRLE på prøvar, i timar og på framføringar

Kar.	Kva som skal til for å få dei ulike karakterane
6	<p>Du viser omfattande faktakunnskapar.</p> <p>Du har eit avansert og presist fagspråk.</p> <p>Du viser ofte evne til refleksjon (sjå under), ikkje berre evne til å koma med oppramsing av fakta.</p> <p><u>Når du har framføring:</u> Du snakkar tydeleg og viser høg grad av forståing av innhaldet og er ikkje avhengig av eit manus. Du brukar anten ikkje stikkord eller berre få stikkord.</p>
5	<p>Du viser omfattande faktakunnskapar.</p> <p>Du har eit ganske presist fagspråk.</p> <p>Du viser evne til refleksjon (sjå under), ikkje berre evne til å koma med oppramsing av fakta.</p> <p><u>På framføringar:</u> Du snakkar tydeleg og viser høg grad av forståing av innhaldet og er ikkje avhengig av eit manus. Du brukar få stikkord.</p>
4	<p>Du har gode faktakunnskapar og viser at du skjønar det meste av fagspråket. Du har ofte eit ganske presist fagspråk.</p> <p>Du viser til ein viss grad evne til refleksjon (sjå under), ikkje berre evne til å koma med oppramsing av fakta. Du greier å trekkja nokre slutningar.</p> <p><u>På framføringar:</u> Du viser at du skjønar innhaldet og er lite avhengig av eit manus.</p>
3	<p>Du greier å reprodusere ein del faktakunnskap. Du viser middels forståing av innhaldet.</p> <p>Du viser liten evne til refleksjon (sjå under). Fagspråket ditt er noko upresist.</p> <p>Du greier i avgrensa grad å sette faktakunnskapen inn i en større samanheng.</p> <p><u>På framføringar:</u> Du viser at du skjønar noko av innhaldet, men er ein del avhengig av eit manus.</p>
2	<p>Du har mangelfulle kunnskapar.</p> <p>Du greier ikkje å sette faktakunnskapen du kjem med inn i en større samanheng.</p> <p>Du greier ikkje å reflektera over det emnet du har om (sjå under). Fagspråket ditt er upresist.</p> <p><u>På framføringar:</u> Du viser at du skjønar lite av innhaldet og er avhengig av eit manus.</p>
1	Dårlegare enn det som er skildra på karakteren 2.

### Døme på refleksjon:

- Ved at du kjem med ulike meiningar som du grunngjev.
- Ved at du samanliknar ulike livssyn og religionar.
- Ved at du greier å setje emna du pratar om inn i ein historisk samanheng og/eller samanliknar ulike tidsperiodar, der dette er naturleg.